



Kjersti Bråtun – her saman med bankens sjef Åsmund Kåre Røyrvik tysdag føremiddag – blir å finna ved hovudkontoret i Rosendal når kontoret i Uskedalen er lagd ned. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Bank-kontoret i Uskedalen har vore betjent av Kjersti Bråtun dei siste tre åra. Då kom ho frå hovudkontoret i Rosendal der ho hadde vore ansatt i 20 år. Ved nedleggjinga i april flyttar ho tilbake til Rosendal, opplyser ho til uskedalen.no.

Også bankens sjef Åsmund Kåre Røyrvik var tysdag på plass i Uskedalen for å svara på eventuelle spørsmål frå publikum i samband med nedleggjinga som vart kunngjort dagen før.

I tillegg hadde assisterande banksjef Kåre Ertsland sin "base" her denne dagen.

Han preiserar at kundane vil få tilsendt nærare informasjon om praktiske tilhøve i tilknytning til endringa.

Ertsland strekar under at banktenester i mange år har vore tilgjengelege heile døgeret i Nettbank og Telebank. At automatar og Bank i Butikk no også vil gjera manuelle tenester langt meir tilgjengelege, trur Ertsland vil vera positivt for kundane.

Ikkje minst vil dette gjelda for alle dei 2.000 kundane banken har utanom kjerneområda Kvinnherad, Stord og Odda.

SPAR i Uskedalen har allereie ei tid hatt Bank i Butikk gjennom samarbeidet mellom DNB Nor og Norgesgruppen.

Dagleg leiar Bente Nilsen ved SPAR ser ikkje for seg større trong for plass i butikken når også filialen til Sparebank 1 Kvinnherad blir erstatta med Bank i Butikk.

Heller ikkje blir det nødvendig å ansetta fleire folk på grunn av denne utvida tenesta, i alle fall ikkje frå starten. Ho går ut frå at det først og fremst vil bli større kontantuttak.

Ellers er ho glad for at også den banken med dei fleste kundane i distriktet no kjem med i denne tenesta sjølv om ho generelt ikkje er begeistra for nedleggjinga av bankfilialar.

Av Ola Matti Mathisen



SPAR har allereie ei tid hatt Bank i Butikk. No sluttar Sparebank 1 Kvinnherad seg til dette tilbodet. (Foto: Ola Matti Mathisen)